

Helsedirektoratet
Divisjon spesialisthelsetjenester
Avdeling medisinsk utstyr og legemidler
Postboks 7000 St. Olavs plass
0130 OSLO

Dykkar ref: 12/6924-22
Vår ref:

Sakshandsamar:
Sidsel Rykken

BERGEN, 23.04.2014

Innspel til ekstern høyring av revidert *Veileder IS-2077 Bruk av opioider – Ved behandling av langvarige ikke-kreftrelaterte smerter.*

Sjukehusapoteka Vest HF (SAV HF) har desse innspela til revisjon av veiledaren:

Avsnitt 6.6 Farmasøyt:

- Tittel for avsnittet vil treffe betre om det vert endra til *Apotek* i staden for *Farmasøyt*, sidan både farmasøyt og anna apotekpersonale er involvert i tenestene som vert beskrivne i avsnittet
- Avsnittet bør i tillegg til apoteket si rolle ved utlevering av legemiddel etter resept, og pakking og utlevering av multidose, også sei noko om den kliniske rolla farmasøyten har i samband med informasjonsformidling og pasientopplæring. Vi har følgjande forslag til tekst: *Farmasøyten skal bidra til å gi pasienten en best mulig behandling, ved at farmasøyten benytter sin kunnskap innen legemidlets egenskaper, dosering, bivirkninger, interaksjoner og håndteringsmessige utfordringer, til å gi pasienten tilstrekkelig informasjon i forbindelse med utlevering av legemiddelet i apoteket*

Avsnitt 7.1 Pasientinformasjon:

- Den skriftlege informasjonen til pasienten bør i tillegg til orientering om biverknader, gje tips om korleis pasienten kan minimera ubehaget av f.eks. obstipasjon ved hjelp av laktulose eller liknande

Med vennleg helsing

Øystein Torgauten
Fagdirektør
Sjukehusapoteka Vest HF

Sidsel Rykken
Fagsjef farmasøytiske tenester